

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga  
Jan Tore Rosenlund, Bygge- og eigedomstenesta  
Sak nr.: 19/8899-2

## **Nynorskhuset i Førde - Sogn og Fjordane teater si vidare deltaking**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget viser til søknad frå Sogn og Fjordane Teater LL av 06.09.2019 og sluttar seg til at teateret inngår avtale om leige i Nynorskhuset i Førde.
2. Fylkestinget har tillit til at staten, ved Kulturdepartementet, følgjer opp varsla tilskotsauke (2020) når Nynorskhuset måtte stå ferdig (2022). Teateret bør kunne leggje til grunn at også fylkeskommunen følgjer opp med auka tilskot. Fylkestinget viser i så måte til eigen budsjett rapport pr. 2. tertial 2019, der ein etablerer eit fond på 18 mill kr som kan nyttast til å dekke framtidige fylkeskommunale meirutgifter.
3. Ein føresetnad for fylkestinget sitt vedtak er at også Førde kommune er positive til at Sogn og Fjordane teater inngår leigeavtale med Nynorskhuset.

### **Vedlegg:**

1. Søknad frå Sogn og Fjordane teater av 06.09.19
2. Intensjonsavtale, februar 2019
3. Forstudie av 10.03.19.
4. Budsjettsøknad 2020 frå Sogn og Fjordane teater til Kulturdepartementet
5. Notat frå Inventura av 30.08.19 om eige-leige
6. Referat frå møte i styringsgruppa av 19.08.19
7. Innstilling frå rådmannen til samfunn og utviklingskomiteen/bystyret i Førde kommune

### **Andre relevante dokument i saka:**

1. FT-sak 53/18: Etablering av «Nynorskhuset» i Sogn og Fjordane – søknad om auka driftsstønning frå Sogn og Fjordane teater.
2. FU-sak 7/19, pkt. 14, Løyving på kr 190 000 til teateret til vidare utgreiing av «Nynorskhuset».
3. FU-sak 17/19, pkt. 2, Notat frå fylkesrådmannen om kva fylkeskommunen kunne bidra med i høve anbudsprosessen for å realisere «Nynorskhuset».
4. FU-sak 42/19, pkt. 6, Referat frå møte 26.04.19 mellom teateret og eigarane.

## **1. Samandrag**

Sogn og Fjordane teater ber i brev av 06.09.2019 om at eigarane tek stilling til om teateret i ein vidare prosess med å realisere Nynorskhuset i Førde ev. skal gå for ei eige- eller leigeløysing. Fylkesrådmannen rår i denne saka til at fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane teater inngår avtale om leige i Nynorskhuset. I dette ligg også tiltru til at både staten, fylkeskommunen og kommunen vil følgje opp med auka tilskot seinast frå 2022.

Fylkesrådmannen ser på realiseringa av Nynorskhuset som ei viktig kultur- og språkpolitisk satsing for Vestland. Sogn og Fjordane teater har ein naturleg plass i eit slikt hus. Også omsynet til det nynorske mediemiljøet med NRK Sogn og Fjordane, Nynorsk Mediesenter, Firda og Nynorsk Avissenter tel med her.

Fylkesrådmannen peikar på at det i så tidleg fase i prosjektet ligg risikofaktorar knytt til økonomien. Denne risikoen føreset fylkesrådmannen at partane i prosjektet også er klar over, og at styringsgruppa sikrar god økonomistyring vidare. Fylkesrådmannen ser likevel føre seg at det må knytast nokre enkle føresetnader til prosessen vidare med deltaking frå eigarane si side for å trygge at sentrale krav vert sikra i gjennomføringa (t.d. deltaking i ei referansegrupp).

Ein føresetnad er at også Førde kommune gir positiv tilslutning i saka.

## **2. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane teater ber i brev av 06.09.2019 til fylkeskommunen og Førde kommune om avklaring frå eigarane på følgjande to punkt:

1. *Eige eller leige av nye lokale i Nynorskhuset frå 2022*
2. *Auka tilskotsnivå frå 2022 som følgje av nye lokale i Nynorskhuset.*

Styret for Sogn og Fjordane teater ønskjer å forankre deltakinga i Nynorskhuset hos eigarane, då leigekostnadane vil ha økonomiske konsekvensar for teateret.

Saka er drøfta med Førde kommune. Dei vil handsame saka på sitt møte i bystyret 26.09.2019, jf. vedlegg 7.

### Historikk - tidlegare vedtak

Sak om etablering av Nynorskhus i Førde, og Sogn og Fjordane teater si deltaking der, vart handsama i FT-sak 53/18. Fylkestinget slutta seg til at teateret deltok i vidare plan- og utgreiingsarbeid, og at dei kunne inngå intensjonsavtale om leige i eit framtidig Nynorskhus.

Fylkesutvalet løyvde 23.01.2019 i FU-sak 7/19, pkt. 14, kr 190 000 til vidare utgreiing av Nynorskhuset. Førde kommune løyvde kr 80 000 til same føremålet.

På møte i fylkesutvalet 06.03.2019 la fylkesrådmannen fram eit notat der han gjorde greie for kva fylkeskommunen kunne bidra med i høve anbudsprosessen for å realisere Nynorskhuset, jf. FU-sak 17/19, pkt. 2. Hovudpunkta i dette var at fylkeskommunen kunne bidra i arbeidet med å hente inn kvalifisert konsulent til å rådgje prosjektet i høve innkjøpsfaglege spørsmål, og gjennomføre anbuds konkurranse i høve regelverk om offentlege anskaffingar.

26.04.2019 var det møte mellom teateret og eigarane for å vurdere og drøfte framdrift og arbeid med Nynorskhuset. Husleigeforpliktingar og usikkerheit knytt til om dei økonomiske løyvingane frå stat, fylkeskommune og kommune vil dekke meirkostnadane har vore og er ei viktig sak for teateret. Referat frå møtet vart lagt fram for fylkesutvalet i FU-sak 42/19, pkt. 6.

### Sentrale problemstillingar

Styringsgruppa for Nynorskhuset (NRK, Firda og Sogn og Fjordane teater) har arbeidd vidare med prosjektet med Jan Øhickers frå Vidsyn AS som prosjektleiar. Det vart inngått intensjonsavtale i februar (vedlegg 2), og i mars vart det lagt fram ei forstudie med funksjons- og romprogram (vedlegg 3). Romprogrammet er kvalitetssikra av ekstern rådgjevar, og programmet er noko nedjustert og utgjer for teateret sin del 1665 m<sup>2</sup> brutto. I tillegg kjem del av fellesareal. Konsultentselskapet Inventura har kalkulert forventa investeringskostnad og husleige (vedlegg 5).

I samband med vidare prosess med Nynorskhuset, ber Sogn og Fjordane teater i sin søknad om avklaring frå eigarane på to sentrale problemstillingar:

1. *Om dei skal gå for å eige eller å leige i Nynorskhuset*
2. *At dei får auka opp tilskotet frå 2022 som følgje av innflytting i Nynorskhuset.*

Spørsmålet om eige/leige har vore eit sentralt tema for partane. Både Firda og NRK ønskjer å leige lokale. Om alle dei tre store leigetakarane går for leigeavtaler, vil dette truleg forenkla prosessen vidare. Inventura tilrår leige i sitt notat av 30.08.19, jf. vedlegg 5.

Sogn og Fjordane teater har lagt inn Nynorskhuset som nytt tiltak i sin søknad til Kulturdepartementet og fylkeskommunen i høve driftstilskot for 2020, jf. vedlegg 4. Det er verdt å merke at teateret i eige budsjettmøte med departementet i mars 2019 gjorde departementet merksame på at dette er første år med auke med tanke på deltaking i Nynorskhuset, og at det vil komme søknad om auke i tilskotet også dei kommande åra. Signala frå departementet tyder på at søknaden vert imøtekommen for 2020. For fylkeskommunen sin del gjeld at søknaden vert handsama i samband med budsjett 2020 for Vestland fylkeskommune. Gjeldande finansieringsavtale legg til grunn ein fast fordelingsnøkkel mellom stat, fylkeskommune og kommune. Eit auka statleg tilskot på 1 mill kroner utløyser eit auka behov på 0,32 mill kroner frå fylkeskommunen i 2020, aukande opp til 1,2 mill kroner i 2022.

Kulturdepartementet har i pågåande dialog med fylkeskommunane (mai 2019) og framtidige Vestland fylkeskommune (september 2019) signalisert at fylkeskommunen kan kome til å få eit større tilskotsansvar i høve både Hordaland teater (Det Vestnorske Teateret) og Sogn og Fjordane Teater. Dette frå 2021. Men departementet presiserer at dette vil bli følgt opp på økonomisida. Ein er vidare tydeleg på at ei ev. endring eller oppmjuking av kostnadsnøklane ikkje vil så i vegen for at staten kan vere med på særskilde satsingar. Fylkesrådmannen vurderer dei signal som er kome om auka statleg tilskot frå 2020 til teateret vårt som eit døme på ei slik satsing.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Kulturpolitiske vurderingar

Fylkesrådmannen legg til grunn at Nynorskhuset i Førde er ei viktig satsing for Vestland fylkeskommune. I politisk plattform for fleirtalskonstellasjonen for Vestland fylkeskommune står det m.a. «*Me vil støtte etableringane av Nynorsken Hus i Førde og Bergen*», og «*Sogn og Fjordane teater skal utviklast som turneteater for heile Vestland*».

I kulturmeldinga er det m.a. sagt at «*Det finst ei rekkje kulturinstitusjonar i ulike delar av landet med eit profesjonelt kulturtilbod av høg kvalitet som forvaltar kulturarv og kunnskap og/eller driv ei særskild verksemd av stor nasjonal verdi og relevans*». I den samanheng kan det vere relevant å peike på at Sogn og Fjordane teater i dag er det einaste teater i Norge som turnerer fast i eit område med store produksjonar i nynorsk språkdrakt. Etter fylkesrådmannen si vurdering må det seiast å vere av nasjonal verdi og relevans at innbyggjarane får tilbod om teateropplevingar av høg kunstnarisk kvalitet på nynorsk. Sogn og Fjordane teater er med sin omfattande turneaktivitet i nynorsk språkdrakt unike i nasjonal samanheng. Dette er ein posisjon teateret ønskjer å utvikle vidare i Vestland fylkeskommune.

Førde kommune har også vore positiv til etableringa av Nynorskhuset og at teateret vert ein del av dette. Fylkesrådmannen viser til at kommunen handsamar denne søknaden i desse dagar, og

rådmannen har lagt fram positiv tilråding i saka. Fylkesrådmannen kjem attende med endeleg vedtak i Førda kommune når dette ligg føre. Det er ut frå dette å tru at det er vilje hos partane til å bidra slik at teateret kjem i mål med naudsynte løyvingar seinast i 2022.

Fylkesrådmannen viser elles til tertial 2/19 der det vert foreslått å setje av midlar for å sikre fylkeskommunen sin del av den auka løyvinga til teateret dei næraste åra. Jf. vedtakspunkt 2 i denne saka.

Det er kjent at NRK også er inne og vurderer si distriktsinndeling. At NRK er så tydeleg på at dei ønskjer å vere med å realisere Nynorskhuset i Førde ser fylkesrådmannen som positivt for å halde på eit viktig nynorsk mediemiljø i fylket, og legge grunnlag for vidare utvikling. NRK Sogn og Fjordane leverer i dag m.a. om lag 40% av nynorskspråklege oppslag på nrk.no og Nynorsk Mediesenter ligg i tilknytning til NRK Sogn og Fjordane.

Ved å realisere Nynorskhuset vil Firda, Nynorsk Avissenter, NRK Sogn og Fjordane, Nynorsk Mediesenter og Sogn og Fjordane teater legge grunnlaget for ei kultur- og medieklynge med om lag 100 arbeidsplassar, og der fellesnemnaren er det nynorske språket. I ei tid med press både på norsk språk generelt, og nynorsk spesielt, vil ei slik satsing vere viktig og riktig.

#### Eige eller leige i Nynorskhuset?

Fylkesrådmannen vurderer i kvart einskild tilfelle om det er hensiktsmessig å leige eller eige areal til den fylkeskommunale verksemda. I dette tilfellet er det Sogn og Fjordane Teater som har eit arealbehov. Teateret, der vi er på eigarsida, er leigetakar også i høve dagens lokale, og fylkesrådmannen vil tilrå at ein vidarefører denne modellen. Teateret bør vere leigetakar også i eit framtidig Nynorskhus. Fylkesrådmannen har merka seg at dette også er i samsvar med det dei andre samarbeidspartane primært ynskjer. Fylkeskommunen har heller ikkje aktuell tomt eller areal som er egna til føremålet om vi skulle stå som byggherre for prosjektet.

#### Prosess, framdrift og risiko:

Proessen med å realisere Nynorskhuset så langt har gått etter planen. Det har vore lagt ned eit stort arbeid for å få eit godt og funksjonelt romprogram for teateret sin del av bygget. Her er det mange spesialrom som også krev spesialkompetanse for å planlegge og vurdere, og teateret har nytta eigne midlar for å hyre inn selskapet Kulturteknikk for å hjelpe til med dette.

Prosjektgruppa arbeider no med kravspesifikasjonane og grunnlagsdokument for ein konkurranse på prosjektet. Framdrifta som er lagt til grunn i forstudie viser at det er planlagt at sjølve konkurransen vert halden i 1. kvartal 2020 med ei målsetting om at ny avtale kan vere etablert i løpet av første halvår 2020. Lengda på byggetid vil nok variere etter kva prosjekt ein vel, men om lag 1,5 års byggetid må forventast.

Fylkesrådmannen er oppteken av at leigekontraktane set krav til kvalitetane på areal som vert leigd. Dette gjeld både miljø, universell utforming og generelle kvalitetar på overflater og tekniske anlegg. Vidare er det avgjerande at seriøsitetskrav og krav til helse, miljø og tryggleik vert følgt opp i avtalane. I dag er fylkeskommunen og kommunen som eigarar av Sogn og Fjordane Teater ikkje aktive partar i forhandlingane om realiseringa av Nynorskhuset. Fylkesrådmannen ser føre seg at det likevel må knytast nokre enkle føresetnader til prosessen vidare med deltaking frå eigarane si side for å trygge at heilt sentrale krav vert sikra i gjennomføringa (t.d. deltaking i ei referansegruppe).

Fylkesrådmannen vil og peike på at dei tilsende vurderingane knytt til budsjett- og leige-vurderingane inneheld risikofaktorar. Mellom anna er antatt brutto/nettofaktor på areal redusert og uføresette kostnader er ikkje inkludert. Vidare har kalkylen ein kalkulert usikkerheit på +/- 30%. Dette er ikkje unaturleg i ein tidleg fase, men svært viktig å merke seg med omsyn til risikobiletet i prosjektet. Det kjem heller ikkje fram om det er teke omsyn til løns- og prisauke så vi må gå ut frå at kostnadsnivået er sett i 2019 tal.

Det er likevel viktig å presisere at det er styringsgruppa for Nynorskhuset som står for anbuds-utlysning, vurdering av innkomne forslag og tildeling av kontrakt. Fylkesrådmannen legg til grunn

at styringsgruppa står for ei god økonomisk styring av prosessen, og at meirkostnadane for teateret sin del ikkje avvik vesentleg frå det nivå som er skissert i søknad og i førearbeidet så langt.

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar ved innflytting i Nynorskhuset:

Sogn og Fjordane teater er i prinsippet fullfinansiert via offentlege tilskot frå stat, fylkeskommune og kommune etter ein fastlagt fordelingsnøkkel. I søknad til kulturdepartementet for 2020 har teateret lagt inn søknad om 1 mill kroner i auka tilskot i 2020 med tanke på innflytting i Nynorskhuset. Signala frå departementet tyder på at dette vert imøtekomme for 2020. Dette er eit positivt signal for prosjektet. Det er likevel berre ein del av den auken i tilskotet teateret treng for å handtere auka husleige i Nynorskhuset. Fylkesrådmannen føreset at teateret følgjer opp med søknad om ytterlegare auke i tilskotet frå staten, og at staten følgjer opp med auke i løyvingane. Dette for at teateret får den auken i tilskotet frå staten som er lagt til grunn i teateret sin finansieringsplan. Det er verdt å merke at teateret i eit eige budsjettmøte med departementet i mars 2019 gjorde departementet merksame på at dette er første år med auke med tanke på deltaking i Nynorskhuset, og at det vil komme søknader om ytterlegare opptrapping av tilskotet. Søknaden om auke i driftstilskotet gjeld også i høve fylkeskommune og kommune. Forventa auke i det fylkeskommunale tilskotet grunna ny husleige er på 1,2 mill kroner i 2022.

Fylkesrådmannen er positiv til at teateret går vidare i prosessen med tanke på å leige areal i Nynorskhuset. Det er ein føresetnad at også Førde kommune stiller seg positive til teatret si vidare deltaking i Nynorskhuset. Rådmannen i Førde har lagt fram positiv tilråding, og samfunnsutviklingskomiteen har slutta seg til tilrådinga. Saka vert handsama i bystyremøte 26.september. Fylkesrådmannen kjem attende med endeleg vedtak i Førde kommune når dette ligg føre.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser til drøftinga over, og rår til at fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane teater inngår avtale om leige i Nynorskhuset i Førde. Dette under føresetnad av at også Førde kommune som eigar er positiv til dette.

Sogn og Fjordane teater vil få auka husleigekostnader ved å leige i Nynorskhuset. Fylkesrådmannen har tiltru at staten følgjer opp varsla tilskotsauke når Nynorskhuset står klart, og teateret bør kunne legge til grunn at også fylkeskommunen og Førde kommune følgjer opp med auka tilskot. Eg viser til framlegg til vedtak.